



Notat

Dato
LEIKANGER, 05.10.2017

Frå: Fylkesdirektøren
Til: Hovudutval for næring og kultur
Kopi til:

POLYFON kunnskapsklyngje for musikkterapi - konsortieavtale 2017 - 2020

POLYFON er ein kunnskapsklyngje for musikkterapi. POLYFON skal ha som målsetjing å stimulere kunnskapsbasert og systematisk utvikling av musikkterapitilbod til menneske som har behov for dette, innan spesialisthelsetenesta og kommunale tenester. Dette skal skje i samhandling med utdanning, forsking og formidling, og det skal bidra til å byggje Vestlandet som ein nasjonal og internasjonal føregangsregion i musikkterapi.

Sogn og Fjordane fylkeskommune går no inn i POLYFON med eit fireparts samarbeid frå Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane og Helse Førde.

Polyfon vart oppretta i 2014 og skal no inn i andre prosjektperiode.

Mål

Byggje Vestlandet som ein nasjonal og internasjonal "referanseregion" i musikkterapi, med eit helsevesen som tar musikkterapi i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte, i samspel med utdanning og forsking på høgste nivå.

Vidare vart det argumentert for at realiseringa av dette hovudmålet føreset realisering av følgjande delmål:

- Byggje ein arena for kontakt mellom akademia og praksisfelt, slik at musikkterapiforskinga vert mest mogeleg praksisrelevant og partnarane sin praksis mest mogeleg forskingsbasert
- Byggje musikkterapipraksis som er kunnskapsbasert og tverrfagleg integrert, for implementere av gjeldande retningslinjer og for utvikling av nye kompetanseområde.
- Generere nye ph.d.- og postdoktorprosjekt, for utvikling av det musikkterapeutiske fagfeltet og av tverrfagleg kunnskapsutvikling

- Bygge ein kultur for involvering av studentar, for utvikling av praksisfelt og aktuelle forskingsprosjekt.

Desse målsetjingane er framleis relevante for andre prosjektperiode, samstundes som dei kan konkretiserast på tre nivå:

- 1) Samarbeidet skal styrke det faglege arbeidet til kvar enkelt konsortiedeltakar, og slik kvalitetssikre tenester, forskning, utdanning og formidling
- 2) For kvar klyngedeltakar skal innsatsen og samarbeidet bidra til at ein har større sjanse til å lukkast med prosjektutvikling og eksterne prosjektsøknader
- 3) For klynga som heilskap skal innsatsen og samarbeidet bidra til at regionen står sterkare når/ dersom det i framtida kjem ei nasjonal satsing på utvikling og implementering av musikkterapi.

For andre prosjektperiode er det også eit overordna mål å utvikle konsept for berekraftige samarbeidsrelasjonar etter 2020, utan dei eigenandelane som har vore nødvendige i prosjektperioden.

[POLYFONS faglege planar for andre prosjektperiode](#)

POLYFON vil i prosjektperioden arbeide innan fem arbeidsfelt:

- 1) Barn og unges oppvekst
- 2) Psykisk helse
- 3) Rus
- 4) Eldrehelse/ eldreomsorg
- 5) Palliativ, omsorg og behandling

Fylkeskommunen sitt fokus vil særleg vere utvikling innan arbeidsfelte barn og unges oppvekst og eldrehelse / eldreomsorg og dessutan tverrfagleg samarbeid for å styrke folkehelse, førebygging og god samhandling mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta. Andre aktørar i partssamarbeidet Sogn og Fjordane vil ha fokus som supplerer dette, der det for Helse Førde til dømes vert sentralt å arbeide med musikkterapiens plass innan psykisk helsevern og rusbehandling.

Det vil bli utarbeidd ein fagplan i løpet av 2017, for kva som blir satsinga i Sogn og Fjordane.

[Konsortiedeltakarane, konsortiets styre og leiing](#)

[Prosjektansvarlig](#)

1. Universitetet i Bergen, Fakultet for kunst, musikk og design,

[Øvrige konsortiedeltakarar](#)

2. Uni Research Helse
3. RKB Vest, Uni Research Helse
4. Aleris Omsorg Norge

5. Bergen kommune
6. Betanien sykehus
7. Fjell kommune
8. Haraldsplass Diakonale Sykehus
9. Helse Bergen
10. NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
11. Stiftelsen Bergensklinikken
12. *Gruppe Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane fylkeskommune/Helse Førde/Høgskulen på Vestlandet, avd. helse og sosialfag/Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester Sogn og Fjordane

Styringsgruppa og leiinga

Konsortiet har ei styringsgruppe og prosjektleiar. Styringsgruppa skal sørge for at dei intensjonar og planar som ligg til grunn for kontrakten om prosjektet, blir innfridd, og at den verksemd som går fram av prosjektbeskriving og budsjettet, blir realisert innanfor vedtatte tidsrammer. Styringsgruppa skal vidare sikre at samspelet mellom prosjektansvarleg og dei øvrige konsortiedeltakerane fungerer godt. Styringsgruppa vel sjølv sin leiar. Styringsgruppa kan ved behov etablere arbeidsgrupper og arbeidsutval.

Kvar av konsortiedeltakarane pliktar å delta aktivt i utviklinga av POLYFON og bidra med stillingsressursar og økonomiske ressursar satt av til fag- og tenesteutvikling, i samsvar med kunnskapsklyngas ambisjonar og deltakarane sine eigne faglege mål og økonomiske rammer.

Økonomi og deltaking

Konsortiedeltaranes interesse og kompetanse utgjer grunnlaget for deira deltaking i konsortiet.

Deltakrane i POLYFON betalar kr. 200 000,- pr. år i prosjektperioden. Sogn og Fjordane sine 4 deltakrar, Høgskulen på Vestlandet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde og Utviklingscenteret for sjukeheimar og heimetenester, går inn samla og kvar part betaler kr. 50 000,- kvart år i prosjektperioden, 4 x kr. 50 000,- = kr. 200 000,- pr. år.

Deltakrane i POLYFON pliktar å delta i klyngas samarbeidsorgan, utviklingsarbeid og inklusivt POLYFONS styringsgruppe.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si rolle

Alle i partssamarbeidet Sogn og Fjordane er regionale aktørar og har som felles mål at ein skal arbeide for framtidsretta samfunnsutvikling i tenestene, planarbeid og forsking.

Partssamarbeidet Sogn og Fjordane vil ha eigne møtepunkt for å nå måla. Fylkeskommunen leiar partssamarbeidet i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 1980-talet arbeidd med at kultur kan vere førebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande. Kultur og helse er tverrsektorielt og gjennom tettare og systematisk samarbeid, kan oppleveling og deltaking i kultur gje menneske oppleveling av samanheng, skape endring og vere reiskap og ressurs til å møte sjukdom og sosiale problem. Vi veit kulturen har ei viktig rolle i arbeidet for livskvalitet og levekår. Då må

vi skape gode føresetnader for auka sosial og kulturell deltaking som kan minske risiko for utanforskap. Her er musikkterapi sentralt.

Musikkterapi er eit fagområde som er ressursorientert. Det har fokus på menneskets eigne ressursar for å fremje helse og livskvalitet. Musikkterapi gjev høve til utvikling og endring gjennom eit musikalsk og mellommenneskeleg samarbeid.

Ynskje er at kultur skal vere ein sjølvsagt og naturleg del av helse, sosial- og omsorgssektoren.

Vi vil:

- implementere kultur og helse og musikkterapi i planarbeid på kommunalt og regionalt nivå
- auke kunnskap innan område kultur og helse og musikkterapi
- styrke høve for kunst- og kulturaktørar i samarbeid med kultur og helse
- arbeide for musikkterapeututstillingar i spesialisthelsetenesta og kommunesektoren
- auke tilgang til kultur og fritidstilbod med fokus på born og unge
- utvikle kunnskapsutvikling, forsking og kompetanse.
- utvikle fagplanar for undervisning i kultur og helse, musikkterapi på alle bachelor- og vidareutdanningar på avdeling for helsefag.
- samarbeid om prosjekt og nettverk
- opparbeide varig og sterkt samarbeid internt i partssamarbeidet og med deltakarane i POLYFON